

Aktivitetsplan 2018/2019

Dato	Arrangement	Komite
Tir 13. mar	NB datoen ! Årsmøte TPM	Styret
Lau 5. mai	Måløyspeling	Styret
Tor 17. mai	Speling - marsjering	Styret
Lau 2. juni ?	Sesongavsl./ ministevne ?	Komite
	Hoven/ Oldenkons. ????	Komite
Fre 19. okt	Heim i haust	Komite
Søn 21. okt	Basar	Komite
Lau 27. okt	Nordvesten	Komite
Søn 16. des	Julekonsert	Styret
4. – 6. jan	Øvingshelg	Styret
Laur 12. jan	Nyttårskonsert	Komite
Laur 12. jan	Årsfest	Komite

Første namn i komiteen er samankallar og må starte planlegginga

Har du lyst til å spele i verdas kjekkaste korps?

Å spele i korps er ein grådig kjekk hobby. Og spesielt kjekt er det å vere med i Torskangerpoll Musikklag. Vi er 34 trivelege personar som har stor glede av denne hobbyen. Vi møtast ein gong i veka og øver. Då passar vi også på å ha det kjekt med ei god pause med kaffi. Og er dei ein ørlita grunn til feiring, bursdag eller noko anna, så er det kake. Vi reiser på turar og spelar vi konsertar, store og små, og det er veldig kjekt. Har du lyst å hive deg med så er det plass til alle i "laja". Då er det berre å ta kontakt med nokon i korpset. Er det lenge sidan du har spelt så gjer det ingenting. Vi kan hjelpe til med opplæring og vi skaffar instrument. Og er du usikker i starten, så kjem du fort inn i det. Og om du ikkje klarer å gjere alt perfekt, så gjer det heller ingenting.



Vredens Gnag: Dersom du vil ha dette bladet som kjem ut 8-10 gonger i året, så må du betale vedlagt giro på 150 kroner eller til kontonummer 3705 24 26104 innan 10. mai. Du kan også betale på Vipps til Torskangerpoll Musikklag. Du må hugse å skrive namn på giroen eller på Vipps på kven du betalar for.

Har du ikkje fått giro så kontakt Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com.

Då er du med å støtte drifta av Torskangerpoll Musikklag og kulturlivet i Vågsøy. Du får også fem gratis lodd på bøkene på basaren til hausten og er med i trekninga om fine gevinstar.



Vredens Gnag

Alltid stemning



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 3

25. årgang

Mars 2018

Her er dei tillitsvalde i korpset



Tysdag 13. mars var det årsmøte i Torskangerpoll Musikklag. Over ser du dei som er i styret. Etter årsmøtet er det desse som styrer: Styre:

Leiar: Johan Einar Wåge
 Styremedlem: Terje Wåge
 Styremedlem-kasserer: Tor Åge Gravdal
 Styremedlem: Johanne Velle
 Styremedlem-sekretær: Laila Berg
 1. Vara: Laila Mykland
 2. Vara: Sølvi Loen

Noteutval:
 Erling Wåge
 Terje Wåge
 Eli Refvik

Revisorar:

John Svarstad
 Alice Haus Wåge

Valnemnd:

Erling Wåge
 Ingunn Kvalheim
 Linda bakke

Husstyre Gravdal:


Harald Oppedal
 John Svarstad
 John Inge Wåge
 Uniformsansvarleg: Anne Mari Knotten
 Instrumentforvaltar: Terje Wåge
 Noteforvaltar: Ola Refseth

www.torskangerpoll.no

Dagens reisebrev:

Sjå kva slag butikkk Espen Nyborg kom over på ei reise til utlandet for halvanna år sidan. I Spania har dei ein butikkk som heiter Maje. Dette er var løje, utbraut Espen. Han gjekk sjølvsagt inn for å få ein sjekk på majen sin. Han fekk beskjed om at alt såg fint ut.

-Den finaste majen dei hadde sett den veka, sa dama i majebutikken. Når spanjolane sei dei har vondt i majen så seie dei: "Tener un dolor de estómago", opplyser den spanske ambassade.



Uheldige John Inge skada seg på takstein

Under den store dugnaden med å legge nytt tak på Gravdal skule i 2017 så var John Inge Våge veldig uheldig å skada seg i munnen på ein takstein. Han måtte plastrast. Men det har gått fint etterpå. Han spelar Ess-kornett som bare juling og smiler frå øyre til øyre. For nokre år sidan var han også uheldig då han kutta tuppen av ein finger på plenklipparen. Sjølv om fingeren er litt kortare så går det fint og han gler seg til våren og til at han skal få slå plenen igjen.



Portrettet: Siv Oldeide:

Hadde du nyttårsforsett?: Nei
Kva vil du ha til bursdagen?: Kake

Gå på ski eller sjå på?:

Gå på ski

Kokt egg eller speilegg?:

Speilegg

Sukker eller sirup til klubb?:

Sukker

Fisk eller kjøtt på grillen?:

Kjøtt

Jordbærsylte eller bringebærsylte?:

Jordbærsylte

Makrell i tomat eller susji?:

Nei takk ingen av delane.

Takkformatentale eller betale

rekninga?:

Takkformatentale

Fortelje vitsar eller høyre på?:

Høyre på

Feriemål?:

Alt anna enn typisk «syden»-ferie.

Neste feriemål er Island.

Tidleg i seng eller tidleg opp?:

Blir som regel seint i seng og seint opp.

Skifte dekk eller vaske hus?:

Vaske hus

Køyre sjølv eller sitte på?:

Køyre sjølv

Kva høyre du på i bilen?:

Høyre gjerne på lydbok når eg er åleine. Men elles blir det musikk, enten radio eller spotify

Trøsykkel eller motorsykkel?:

Motorsykkel

Vorspiel eller nachspiel?:

Vorspiel

Kva er din favorittmelodi?:

For øyeblikket; Julie Bergan - Guilt

Trip

Fotballkamp eller kino?:

Kino



Vassendgutane eller Kygo?:

Vassendgutane

Konge eller president?:

Konge

Kva meiner du om kommunesamanslåing?:

Skeptisk.

Det første du ville gjort som statsminister?:

Revurdert stillinga mi

Det første du ville gjort som ordfører?:

Fått i gong litt vedlikehald på bygningane i sentrum.

Kven beundrar du mest?:

Mamma

Kva gjer deg glad?:

Fint veir (spesielt når eg er på sjøen), blommar og kaffibaileys til frukost

Kva gjer deg sint?:

Baksnakking og å bli vekt unødvendig tidleg.

Ved eller varmevifte?:

Ved